STUDENTSAMSKIPNADEN STORD/HAUGESUND
STYRET
PROTOKOLL

Tidspunkt:	10.06.05 Kl.: 1000 – 1300.	**Stad:**	Høgskolebygget i Haugesund.
Leiar:	Siri Henriksen	**Ved pennen:**	Ernst Wilhelmsen
Til stades:	Alf Aronsen, Lise Langåker, Siri H. Henriksen, Randi Presthaug, Stian Skeiseid og Gavin Williams.		
Forfall:	Egil Eide og Rune Jørgensen. (Lise langåker møtte for Egil Eide).		

I samband med ei eventuelt sak hadde Studentersamfunnet i Haugesund søkt økonomisk støtte til sikkerhetsopplegg rundt "Stødden". Før møtet starta fekk dei 10 minuttar til å forklara tryggleiks-opplegg rundt utestaden "Stødden".

Saksliste:

SAK S 17/2005: GODKJENNING AV PROTOKOLL.
SAK S 18/2005: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.
SAK S 19/2005: INNMELDING AV SAKER UNDER EVENTUELT.
SAK S 20/2005: TILSTANDS- OG BUDSJETTRAPPORT.
SAK S 21/2005: ORIENTERING OM LOKALE LØNSFORHANDLINGAR
SAK S 22/2005: ORIENTERING OM TILKNYTTING TIL ARBEIDSGJEVARORGANISASJON.
SAK S 23/2005: MØTEPLAN.
SAK S 24/2005: LØNSVURDERING DAGLEG LEIAR
SAK S 25/2005: FINANSIERING AV RENOVERING AV BAD PÅ ROMMETVEIT.
SAK S 26/2005: EVENTUELT

Sak S 17/2005 GODKJENNING AV PROTOKOLL.

Vedtak:
Protokollen frå styremøtet 08.04.05 blei samrøystes godkjend.

SAK S 18/2005: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE.

Vedtak:
Innkalling og saksliste samrøystes godkjend.

SAK S 19/2005: INNMELDING AV SAKER TIL EVENTUELT.

Direktør hadde meldt inn fylgjande sak:

- Styresamansetjing til hausten. Søknad om fritak.

Styreleiar hadde meldt inn fylgjande saker:

- Rydding og vasking av hyblar. Rutine ved klaging.
- Transport av skade/sjukemelding av studentar.
- Pris i samband med vaskeri på studentheimane.

Andre saker som blei meldt inn på møtet:

- Betaling av hyblar om sommaren
- Turnusoppsett på cafèen på Stord.
- Brev frå "helsefondet" om å auka maks-utbetalinga.
- Søknad øm økonomisk støtte til "Studentersamfunnet".

SAK S 20/2005: Tilstands og budsjettrapport. **Orienteringssak**

Styret tek rapporten til vitring.

SAK S 21/2005: Orientering om lokale lønsforhandlingar. **Orienteringssak.**

Ei ramme på 3,30 %, der overhenget utgjer 1,29%, det generelle sentrale tillegget utgjer 0,55%, det generelle lokale tillegget utgjer 1,26%, opprykk etter § 14a utgjer 0,00% og glidning utgjer 0,2%.

Styret tok orienteringa til vitring.

SAK S 22/2005: Orientering om tilknytting til arbeidsgjevarorganisasjon. **Orienteringssak**

Saka må avgjerast på møte i SSH fredag 09.09.05.
Påtroppande direktør vil laga ei saksutgreiing om tilknyttingspproblematikk til dette styremøte.

SAK S 23/2005: Møteplan. **Vedtakssak**

Då møteplan for hausten er avhengig av budsjettplanlegginga, vert berre første møtet kalenderfesta.

Vedtak: Første møte til hausten vert 09.09.05
Votering: Samrøystes.

SAK S 24/2005: Lønsvurdering av dagleg leiar. **Vedtakssak**

Vedtak:
Lønsutvalet samansett av avtroppande direktør, styreleiar og nestleiar får fullmakt til å vurdera løna til påtroppande direktør.

Votering: *Samrøystes.*

Styret vil bli orientert om vedtak i Lønsutvalet.

SAK S 25/2005: Finansiering av renovering av bad på Rommetveit. **Vedtakssak.**

Vedtak: SSH aktiverer verdien av bustadene slik at det vert større samsvar mellom kjøpsverdi for boleg og aktivert verdi. Dette vert gjort for å gjennomføra planlagt renovering av bada på Rommetveit.

Votering: Samrøystes.

Styret ba samtidig om å få bli orientert om korleis dette vert gjort sånn teknisk sett.

SAK S 26/2005: Eventuelt.

1. Søknad om styrefritak og framtidig styrebemanning.
Styret ba dagleg leiar og styreleiar om å orientera parlamentsleiar om styresituasjonen. Denne er enno usikker, og parlamentet må vera klar til å velja nye representantar til Styret. Styrerepresentantane er formelt valde for to år, og er ferdig med eitt.
Styret ynskja å gje uttrykk for at representantar i Styret bør ha tilhørsel til høgskolen.
Styreleiar må veljast då eksisterande styreleiar er ferdig med sin periode for denne gong. (1 år).

2. Rydding og vasking av hyblar. Rutine ved klage.
Det fins retningsliner ved utvasking av hyblar. Leigetakarar må få desse presisert. SSH må vurdera om ikkje vaktmeister må kontrollera hyblane før leigetakar flyttar ut.
Det blei også nemnd at det er viktig med eit orienteringsmøte på boligane tidleg om hausten kor direktør orienterer om sortering av boss, strømbruk, ordensreglar og vasking og rydding av hyblar. Viktig også å minna om røykeforbodet.

3. Vaktliste/turnusliste på cafèen på Rommetveit blei etterlyst.
Dei tilsette ba om å få oversikt over jobbvaktene før dei gjekk på ferie.

4. "Stødden" (samfunnet) søkjer om støtte til utgifter kring tryggleiksopplegg .
Vedlegg 2.
Det låg føre søknad.
Denne saka vil bli handsama i nytt styre til hausten. Ny påtroppande dagleg leiar, blir oppmoda til å vurdera situasjonen så fort som mogeleg. Då utgifter til vakthald vil løpa allereie i august ved faddervekene
.

5. Pris i samband med vaskeri på studentheimane.
Styret hadde under budsjettdrøftingane sagt at dei ville koma attende til ny prisvurdering på vaskeritenester. No har det vist seg at det er kome nokre uforutsette utgifter i samband med telefonsentral på Vardatun. Ein må difor sjå nærare på heile totaliteten innanfor økonomien på Vardatun. Saka må difor utgreiast til møte i haust.

6. Betaling av hyblar om sommaren.
Styremedlem spurde om det var mogeleg å redusera prisene på leige av hyblar om sommaren.

Dagleg leiar viste då til vedtak i fjor kor dette var vurdert. Prisane er fastsett ut frå ei månadleg husleige som reknar med inntekter om sommaren også. Skulle ein gå bort frå dette prinsippet, ville husaleiga verta dyrare for resten av året.

7. Helsefondet. Vurdering av heving av maksbeløp for støtte. Vedlegg 3.
Utvalet for helsefondet hadde i eige brev bedt om å få vurdert auke av maks støttebeløp til utgifter i samband med helse. Beløpet er 2000 kr i dag. Dei føreslo ei auke til 5000 kr. SSH/Styret meiner at det må lagast ei utgreiing i samband med denne saka. Saka vert difor utsett til hausten.

8. Transport ved skade/sjukemelding av studentar.

Styreleiar orientert om forsikringsordningar for studentar. Ho meinte at dette var ei mangelfull ordning for studentar som skadar seg på fritid. Ho vil ta dette opp med Parlamentet og Skolenes landsforbund. Ho oppmodar også SSH om å ta dette opp med Samskipnadsrådet.

Ved pennen

Ernst Wilhelmsen

Vedlegg1: Referat frå drøftingsmøte (1 ark).
Vedlegg 2: Søknad om støtte til Studentersamfunnet i Hgsd. (1 ark).
Vedlegg 3: Reglement for helsefondet, framlegg til endra maksbeløp.

Underskrifter: